

17.11.2022

Klima- og miljødepartementet
v/rovviltnemnda region 6
v/Statsforvaltaren i Trøndelag
sftlpost@statsforvalteren.no

VEDTAK OM KVOTE – KVOTEJAKT PÅ GAUPE I REGION 6 I 2023 - KLAGE

Vi viser til sak 37/22 handsama i møte 31.10.2022, kunngjort på miljøvedtaksregisteret 1.11.2022.

Naturvernforbundet klager på vedtaket som er gjort. Naturvernforbundet arbeidar spesielt med biologisk mangfald. Vi kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Vi meiner at kvota er for stor.

Nedgang i gaupebestanden

Gaupebestanden kan variere ganske mykje. Det er difor ikkje nødvendigvis ein full samanheng mellom kjende familiegruppe og bestand. Ein må difor sjå nærare på tala slik at ein kan tolke variasjonane best mogleg.

Dei siste 5 åra har det vore påvist 15-15,5 familiegruppe i tre av åra. I 2021 kjem det så 18 familiegruppe og i 2022 er det 13. Spørsmålet no er om det er 2021 eller 2022 som seier noko om trenden. Er bestanden på tur opp eller ned?

Eit høgt uttak både av gauper totalt (40) og vakse hogauper (14) det siste året vil normalt gje ytterlegare nedgang. Uttaket har vore høgt i fleire år.

I NINA-rapport 2155 er det prognose for tal familiegrupper etter yngling 2022/før jakt 2023 på 11,3. Dvs. under forvaltingsmålet. Samtidig kan ein merke seg at bestanden eitt år tidlegare nasjonalt var 58,5, dvs. under nasjonalt mål på 65. Situasjonen er altså slik at ein både nasjonalt og regionalt må legge til rette for ei auke i gaupebestanden for å nå vedtekne bestandsmål. Det gjer ein enklast med å redusere jakta på gaupe.

Det er dei siste 5 åra tatt ut 8-13 vakse hogauper, i snitt 10,2. Når ein legg NINA-rapport 774-2011 til grunn for utrekning, vil eit uttak av 10,2 vakse hogauper årleg balansere ein bestand på 24 familiegruppe. Uttaket av vakse hogauper i region 6 dei siste 5 åra er då eigna til å redusere kjent bestand i betydeleg grad. Etter Naturvernforbundet si oppfatning er tal familiegruppe i 2021 avvikande høgt. Det er sannsynleg at bestanden tilseier at ein no lite truleg er over målet på 12 i forvaltingsplanen.

Siste telling er før siste jakt, ei jakt som saman med anna avgang førte til eit uttak på heile 14 vakse hodyr. I alle fall 13 av desse hogaupene yngla ikkje våren 2022. Trenden er på veg ned. Det er meir sannsynleg at ein i tellinga i vinter vil få tal familiegruppe som ligg under forvaltingsmålet enn over.

Forvaltingsmål og kvotefordeling

Fordelinga av familiegruppe kan vere litt ugrei sidan ein har ønska å flytte gaupebestanden sørover i ein del år, og så fått endringar i kommunestruktur og fylkesstruktur i tillegg. Men vi kan godt ta utgangspunkt i at ein fordelar ganske jamt, dvs. 4 i Møre og Romsdal, 4 i gamle Sør-Trøndelag og 4 i gamle Nord-Trøndelag. I så fall fortel siste rapport om 4 familiegruppe i Møre og Romsdal, alle i forvaltingsområdet. Vidare 8 familiegruppe i Sør-Trøndelag, av desse 2 i beiteprioritert område. Nord-Trøndelag har 2 i prioritert beiteområde.

Sidan det er nemnda si oppgåve at verknaden av store rovdyr skal vere mest mogleg føreseieleg mellom anna for beitebrukarar, så er det ønskjeleg at eventuelt uttak av gaupe skjer i beiteprioritert område, og at ein elles prøver å ligge på målalet i forvaltingsområdet.

Det har brukt å vere eit innsig frå Sverige til Nord-Trøndelag. Det ser ein ikkje så mykje til i siste status når det gjeld familiegruppe. Nord-Trøndelag ligg under målet og må bygge opp bestanden, noko som bør skje i forvaltingsområdet. Sidan kjente familiegruppe ikkje er i forvaltingsområdet, må ein la vere å jakte på dei to familiegruppene i prioritert beiteområde inntil vidare.

I Sør-Trøndelag ligg ein over målalet både i beiteområde og i forvaltingsområdet, noko som opnar for jakt, i den grad det vil vere høve til jakt.

I Møre og Romsdal ligg ein på målalet, og det er berre avkastinga som kan jaktast.

Oversynet over tap av beitedyr viser anten at gaupebestanden er lågare enn på ei stund, eller at andre tiltak for motverking av tap for gaupe har verknad. Tapa skjer i stor grad i forvaltingsområdet, der ein må vente noko tap. Dette tilseier ikkje stor kvote for å redusere tapa.

Det tyder at avkastinga av 12 familiegruppe gjev kvote på 5 hogauper og 15 totalt når ein legg til grunn ein bestand på målet i forvaltingsplanen. Ei føre var – tilnærming bør nok legge til grunn eit endå lågare tal.

Når ein følgjer desse prinsippa kan kvota bli som følgjer:

MR: 1 hogaupe og 4 dyr totalt, i forvaltingsområdet.

ST: 1 hogaupe og 4 dyr totalt, i forvaltingsområdet.

NT: 0 hogauper og 0 dyr totalt, i forvaltingsområdet og i prioritert beiteområde.

ST: 2 hogauper og 5 dyr totalt, i beiteprioritert område

Reservekvote:

1 hogaupe og 2 dyr totalt, som kan tildelast viss ein får inn telleresultat på familiegruppe som tilsier at ein kjem over 12 familiegruppe før jakt no i vinter.

Konklusjon

Kvotene har vore så store dei siste åra at det ser ut til at bestanden no ligg under målet i forvaltingsplanen. Det må føre til ein stor reduksjon i kvotene.

Så lenge ein ikkje ligg over fylkesmåla innanfor forvaltingsområdet, er det ikkje grunnlag for kvote i forvaltingsområdet. Vidare må ein vere varsam med kvote i prioritert beiteområde til ein har bygd opp att bestanden til ønska nivå i forvaltingsområdet.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Ellen Andersson
Naturvernforbundet i Trøndelag